

(A) = Åpen, kan bestilles fra Arkeologisk museum i Stavanger
(B) = Begrenset distribusjon
(C) = Kan ikke utleveres



Rapport frå delundersøking av steinalderlokalitet i tilknytning til ny turveg i Kvednavikskogen. Nord-Sunde gnr. 41, bnr. 7, Stavanger kommune.

Even Bjørdal

AmS saksnummer: 25/2005
Journalnummer: 05/320

Dato: 13.07.2007
Sidetal (inkl. vedlegg): 37
Opplag: 10

Oppdragsgjevar:
Stavanger kommune

Stikkord:
Buplassområde frå steinalder



Oppdragsrapport 2006/16
Arkeologisk museum i Stavanger
Avdeling for fornminnevern

Utgjevar:
Arkeologisk museum i Stavanger
Box 478
4002 STAVANGER
Tel.: 51 84 60 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: ams@ark.museum.no

Stavanger 2007

Rapport frå delundersøking av steinalderlokalitet i tilknytning til ny turveg i Kvednavikskogen. Nord-Sunde gnr. 41, bnr. 7, Stavanger kommune.

Even Bjørdal



Rapport til topografisk arkiv



Arkeologisk museum
i Stavanger

Vår ref.:	Sakshandsamar: Olle Hemdorff, AmS	Arkivkode 613	Dato: 13.07. 2007
Kommune:	Stavanger		
Gardsnamn:	Nord-Sunde		
Gnr:	41		
Bnr:	7		
Lokalitetsnamn:	Kvednavikskogen		
Tiltakshavar:	Stavanger kommune, Park - og idrettsetaten		
Adresse:	Postboks 801, 4068 Stavanger		
Saka sitt namn:	Delundersøking av steinalderlokalitet i Kvednavikskogen, Nord-Sunde, gnr. 41, bnr. 7 i Stavanger k. i samband med søknad om markinngrep i tilknytning til ny turveg.		
AmS saksnummer:	025/2005	Flyfotoreg nr:	91010 C4 (R 23)
Brevjournalnr:	05/320	Fornminnenr:	
Kartblad og UTM:	AK 023-5-1 1212IV 32V056426	ID (Askeladden:)	65779
		H o h:	7,5 - 8,5 m
Aksesjonsnr:	1996/1 (innlevert funn), 2005/15 (registrering RFK v/ Viste), 2006/29 (delundersøking AmS v/ Bjørdal)		
Museumsnr:	S 3744 (Gjessing 1914), S 11505 (innlevert funn, 1996), S 12287 (Viste 2005), S 12263 (Bjørdal 2006)		
Natvit. prøvenr:	Ingen		
Fotonr:	69131-69170		
Synfart:	1914		
Ved:	Helge Gjessing, Stavanger Museum		
Synfart:	04.01. 2006		
Ved:	Sveinung Bang-Andersen, AmS		
Feltundersøking:	Arkeologisk registrering m/ prøvestikking, 16.06. - 20.06. 2005		
Ved:	Feltleiar Sikke Viste og feltassistent Turid Tveit, RFK		
Feltundersøking:	Arkeologisk delundersøking, 31.07. - 18.08. 2006		
Ved:	Feltleiar Even Bjørdal og feltassistent Anja Magnussen, AmS		
Rapport:	Skriven innanfor perioden 25.06. - 13.07. 2007		

Gjeld: Delundersøking av steinalderlokalitet i samband med markinngrep ved bygging av turveg i Kvednavikskogen, Nord-Sunde, gnr. 41, bnr. 7, Stavanger kommune.

Innhaldsoversyn

1. Samandrag	s. 4
2. Innleiing	s. 5
2.1 Lokalisering	s. 5
2.2 Bakgrunn for undersøkinga	s. 5
2.3 Registrerte kulturminne i området	s. 5
2.3.1 I planområdet	s. 5
2.3.2 I nærområdet	s. 6
2.4 Problemstilling og føremål med undersøkinga	s. 6
3. Om historia til staden og ei skildring av terrenget	s. 7
3.1 Kort om tilhøva i nærområdet i forhistoria	s. 7
3.2 Skildring av terrenget	s. 7
4. Tidsrom og deltakarar	s. 8
4.1. Tidsrom	s. 8
4.2. Deltakarar	s. 8
4.3. Gjennomføring, vértilhøve og tidsbruk	s. 8
5. Metode	s. 9
5.1 Graveteknisk metode	s. 9
5.2 Dokumentasjon	s. 10
5.2.1 Teikning	s. 10
5.2.2 Fotografering	s. 11
5.2.3 Innsamling av prøver	s. 11
5.2.4 Funn	s. 11
5.2.5 Innmåling	s. 11
5.3 Om utføringa av undersøkinga	s. 11
6. Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt	s. 12
6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling	s. 12
6.1.1 Horisontalt	s. 12
6.1.2 Vertikalt	s. 12

6.1.3	Funnfordeling	s. 12
6.2	Kjeldekritiske aspekt	s. 14
7.	Funnmateriale	s. 14
7.1	Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 14
8.	Kort om prøvefelta	s. 15
9.	Naturvitskapleg materiale	s. 15
10.	Tolking av undersøkte område	s. 16
11.	Formidling og publikumskontakt	s. 16
12.	Litteratur	s. 16
13.	Vedlegg	s. 18
Vedlegg 1	Fotoliste	s. 19
Vedlegg 2	Liste over prøvefelt	s. 22
Vedlegg 3	Liste over teikningar	s. 23
Vedlegg 4	Funnliste	s. 24
Vedlegg 5	Katalog	s. 29
Vedlegg 6	Oversynskart som viser nærområdet ved Hålandsvatnet	s. 32
Vedlegg 7	Oversyn over påviste funn og lokalitetar frå steinalder i nærmiljøet til undersøkingsområdet i 2006	s. 33
Vedlegg 8	Oversynskart over området for undersøkinga i Kvednavikskogen	s. 34
Vedlegg 9	Utvalde profilteikningar frå prøvefelta	s. 35
Figurar:		
Figur 1	Oversynsbilete mot Ø som viser Anja Magnussen ved prøvefelt 2. Hålandsvatnet i bakgrunnen.	s. 4
Figur 2	Foto mot SSØ som viser prøvefelt 3 under utgraving.	s. 8
Figur 3	Anja Magnussen såldar masse ved Hålandsvatnet.	s. 9
Figur 4	Foto mot ØNØ av prøvefelt 2 ved utgravingslutt. 50cm tommestokk v/ profil.	s. 11
Figur 5	Foto mot VNV som viser kompakt, naturskapt samling av stein i botnen av prøvefelt 1.	s. 13

1 Samandrag

I perioden 31.07. - 18.08. 2006 vart det gjennomført ei arkeologisk delundersøking knytt til eit område med registrerte funn frå eldre og yngre steinalder i Kvednavikskogen, Nord-Sunde (gnr. 41, bnr. 7), Stavanger kommune.

Utgravinga kom i stand i samband med at det skulle oppførast eit antal lysmaster ved ein tursti langs vestsida av Hålandsvatnet; fundamenta for mastene ville kunne skade delar av den freda steinalderlokaliteten, så det var naudsynt med arkeologfagleg undersøking ved kvar av nedgravingane for mastfundamenta.

Delundersøkinga omfatta fem prøvefelt på i alt 8m², og frå utgravinga av desse vart det samla inn i overkant av 800 flintartefakt. Gjenstandane stammar frå seinmesolitikum og tidlegneolitikum. Saman med tidlegare framkome materiale frå staden, indikerer funna frå delundersøkinga at det fanst ein eller fleire busetnadslokalitetar her ved overgangen mellom eldre og yngre steinalder.



Figur 1 Oversynsbilete mot Ø som viser Anja Magnussen ved prøvefelt 2. Hålandsvatnet i bakgrunnen.

2 Innleiing

2.1 Lokalisering

Det aktuelle området ligg langs vestsida av Hålandsvatnet i Stavanger kommune, rett sør om grensa mot Randaberg. Området tilhører Nord-Sunde, gnr. 41, bnr. 7. Undersøkinga i 2006 var knytt til oppføring av eit antal lysstolpar langs den nordlege delen av ein tursti her (jf. 2.2., vedlegg 8). Turstien har ei samla lengde på rundt 300 meter og er 3-4 meter brei.

2.2 Bakgrunn for undersøkinga

Stavanger kommune har ønskt å utforme ein tursti langs delar av Hålandsvatnet. Sidan traséen var planlagt å gå gjennom eit område der ein kjende til automatisk freda kulturminne i form av ein eller fleire steinalderlokalitetar (jf. 2.3.1), har det i 2005 og 2006 blitt gjort arkeologiske undersøkingar her.

Etter at Rogaland fylkeskommune (RFK) hadde utført ei kulturhistorisk registrering i det aktuelle området sommaren 2005 (Viste 2005), fekk Stavanger kommune av Riksantikvaren 14.07.2005 dispensasjon frå kml. §8.1 til å bygge stien. Dispensasjonen galdt sjølve vegbana - ein skulle ikkje grave bort noko av den eksisterande terrengoverflata, vegen skulle konstruerast på ein fiberduk som var lagt over marka i traséen.

Den 19.12.2005 kom RFK på vegne av Stavanger kommune med ein ny dispensasjonssøknad. Turstien var no bygd (han dekte 500-750m² av funnførande markoverflate). Ein ønskte å utføre nokre ytterlegare inngrep i samband med traséen; leggje ned fem stikkrenner i/under turstien, grave ei kabelgrøft langs vegbana og føre opp åtte lysstolpar. Ved ei synfaring gjennomført av Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) 04.01.2006, blei det oppdaga at dei tiltaka ein søkte dispensasjon for i røynda allereie delvis var sett ut i livet. Straumkabelen var lagt ned, men sidan han for det meste låg i påfylt masse i vegbana, har dette truleg ikkje gjort nemneverdig skade på fornminnet. Det at ein hadde starta gravinga for fundamenta for alle lysstolpane, vart derimot vurdert til å ha uroa delar av det freda arealet. AmS utarbeidde så ein prosjektplan for vidare arkeologisk undersøking av det aktuelle området. Ein vektla å utføre utgraving av prøvefelt knytt til fem av dei planlagde lysstolpane (jf. Bang-Andersen 2006).

2.3 Registrerte kulturminne i området

2.3.1 I planområdet

I 1914 påviste Helge Gjessing frå Stavanger Museum restar frå ein buplass frå steinalderen i eit område sør for det vestlege utløpspartiet til Hålandsvatnet (jf. vedlegg 7). Denne buplassen er skildra som nr. 53 i verket *Rogalands Stenalder* (Gjessing 1920: 143-144). Funnmaterialet (S 3744) omfattar flintgjenstandar, seks bergartsøkser frå seinmesolittisk tid (6000-4000 f.Kr.) og tidleg/mellomneolittisk tid (4000-3300 f.Kr./3300-2300 f.Kr.) og ein del bein frå fiskar og dyr. I samband med dyrking på staden hadde ein også støytt på eldstadar. Det var derimot få spor etter gamle kulturlag. Gjessing vurderte tilhøva slik at steinalderlokaliteten var knytt til eit areal som var ca 100m langt N-S og 6-10m Ø-V.

I løpet av 1990-talet leverte privatpersonar inn flintgjenstandar (m.a. S11505, 1996) som var funne i den nordlege delen av det aktuelle området (jf. vedlegg 7).

Sommaren 2005 utførte RFK prøvestikking i samband med registrering på staden. 19 av dei 21 prøvestikka var funnførande (jf. vedlegg 8). Samtlege vart målt inn ved hjelp av GPS. Det verkar som at dei fleste funna kom frå tre skilde område - rundt innmålingspunkta 191-194, 196, 199 og 201 i den nordre delen av traséen, 184-187 og 189-190 ved den midtre delen og ved 202 i sør. Det vart i alt funne 231 forhistoriske gjenstandar (jf. Viste 2005). Det var gjennomgåande slik at gjenstandane kom frå omrota masse i pløyelaget; i berre tre av prøvestikka (v/ innmålingspunkta 192-194 i nord) vart det påvist artefakt i djupareliggande sandlag.

Før undersøkinga i 2006 var det såleis funne ca 500 steinartefakt innanfor heile det aktuelle buplassområdet i Kvednavikskogen. Majoriteten av materialet synest å kome frå overgangen mellom eldre og yngre steinalder (seinmesolitikum og tidlegneolitikum: ca 6500-5000 år før notid / ca 4500-3000 f.Kr.). Dei fleste funna kjem frå den nordlege delen av området, ikkje langt frå det vestlege utløpet av Hålandsvatnet.

2.3.2 I nærområdet

Det er påvist ei rekkje gjenstandsfunn og kulturminne i området vest om Hålandsvatnet (jf. vedlegg 6). Det finst restar etter ei bygdeborg (ID 5470) frå jernalderen på eit nes ved vatnet, om lag 700m sørvest for buplassområdet i Kvednavikskogen. I 1966 grov Stavanger Museum ut ein langhaug og nokre mindre rundhaugar (ID 72289) på gnr 41, like vest om RV 409. Her vart det gjort funn frå bronsealderen. Eit stykke lenger nord, på ei slette ned mot sjøen ved Kvednavika, skal det ifølgje eldre registrering ha vore ein gravhaug og ei nausttuft (ID 54246), truleg frå jernalder. Over i Randaberg kommune finst det i nærleiken ytterlegare forhistoriske spor: m.a. to gravrøyser (ID 34715 og 34716) og eit felt med skålgroper (ID 54043) frå bronsealder, og ein hellar ("Kvednavikhellaren", ID 15047, "Lok. 11" på vedlegg 7) med funn frå eldre steinalder. I tillegg vart det ved AmS sine registreringar i området på 1980- og 1990-talet funne sju opne steinalderlokalitetar på Randabergsida av bekken frå Hålandsvatnet (jf. vedlegg 7). I samband med denne bekken kan ein sjå ruinar av eit mølleanlegg frå 1849 (jf. Langhelle m.fl. 1983:13).

To velkjende lokalitetar frå steinalderen ligg berre nokre kilometer frå buplassområdet i Kvednavikskogen: på Viste i nordvest finn ein "Svarthåla" (utgraven i 1907-1910 og 1939-1941; jf. Bang-Andersen 1983) som var i bruk i mellomesolitikum (ca 8000-6000 f.Kr.), og ved innløpet til Hafsr fjorden i sør-sørvest vart den seinmesolitiske (ca 6000-4000 f.Kr.) buplassen "Sunde 34" arkeologisk undersøkt i 1979-1980 (Braathen 1985).

2.4 Problemstilling og føremål med undersøkinga

I prosjektplanen for undersøkinga vert området i Kvednavikskogen vurdert til å ha eit godt forskingspotensiale (jf. Bang-Andersen 2006). Både høgda over havet (ca 7,5-8m) og den øvrige plasseringa i terrenget har klare fellestrekk med lokaliseringa av andre, påviste seinmesolitiske og tidlegneolitiske buplassar på Nord-Jæren og Stavangerhalvøya. Dei aller fleste av flintartefakta frå registreringa i 2005 var patinerte, og det verkar å vere tre skilde konsentrasjonar av funn (jf.

2.3.1). Dette tolkar Bang-Andersen som indikasjonar på at gjenstandane verkeleg stammar frå buplassaktivitet her, dei er neppe frakta inn med masse utanifrå i samband med jordforbetring i nyare tid. Dei bergartsøksene som Gjessing nemner (jf. 2.3.1), kan også tyde på at det har vore ein buplass her, det er mogleg at dei vart lagt ned ved ofring eller gravlegging i nærleiken av ein tilhaldsstad for jegerar og sankarar.

Delundersøkinga innan det trulege buplassområdet i Kvednavikskogen hausten 2006 var i stor grad retta inn på å få samla inn eit omfattande antal gjenstandar frå arkeologifagleg dokumenterte kontekstar. Ei representativ mengde artefakt av ulike typar ville vere til hjelp i arbeidet med å vurdere datering av og storleik på aktivetsområde knytt til busetnaden her. Dei tidlegare påviste funna frå området stammar frå overgangen mellom eldre og yngre steinalder, noko som opnar opp for sjansen til å få auka kunnskap om ein periode då menneska gradvis gjekk over frå fangst til jordbruk. Dei fleste funna frå prøvestikkinga ved registreringa i 2005 blei gjort i pløyelaget. Eit sentralt moment ved delundersøkinga var å sjå etter eventuelle restar av intakte kulturlag frå buplassen. Slike kulturlag har høgt informasjonspotensiale og bør såleis dokumenterast særleg nøye (jf. Bang-Andersen 2006: s.3).

3 Om historia til staden og ei skildring av terrenget

3.1 Kort om tilhøva i nærområdet i forhistoria

14C-dateringar viser at om lag 8200 år før i dag skjedde det ei endring i havnivået som førte til at det noverande Hålandsvatnet (6 m.o.h.) gjekk over frå å vere eit basseng med ferskvatn til å bli ei havbuk med eit sund ut til Vistevika. Kvednavikhellaren låg då på eit nes på nordsida av det ca 50 meter breie sundet, medan buplassområdet i Kvednavikskogen var lokalisert på ein heller smal odde på sørsida (jf. Bang-Andersen 2006). Truleg har menneska som heldt til her i steinalderen hatt god tilgang på sjømat som fisk og skaldyr frå sundet. Det tok fleire tusen år før havbukta på nytt vart eit ferskvatnbasseng (ca 3400 14C-år før notid).

Den kortfatta utgreiinga i 2.3.1 om funn og faste kulturminne påvist i nærområdet, viser at det har vore busetnad her på vestsida av Hålandsvatnet heilt frå eldre steinalder til moderne tid.

3.2 Skildring av terrenget

Undersøkingssområdet ligg på vestsida av Hålandsvatnet, i Stavanger kommune. Terrenget heller frå drygt 20 m.o.h. øvst i Kvednavikskogen ned mot ei slak grasslette i retning vatnet i aust. Sjølve traséen for turstien går gjennom dyrka mark og ligg eit par meter høgare enn Hålandsvatnet (jf. vedlegg 8). I tillegg til sjølve Kvednavikskogen, veks det ein del lauvskog langs breidda av vatnet. Like ved prøvefelt 3 frå 2006 stikk det opp ein liten, låg bergknaus rett vest om traséen.

4 Tidsrom og deltakarar

4.1 Tidsrom

Sjølve feltarbeidet knytt til delundersøkinga fann stad 31.07. - 18.08. 2006. Etterarbeid (inkl. skriving av rapport) vart gjort innan perioden 25.06. - 13.07. 2007.

4.2 Deltakarar

Delundersøkinga vart utført av feltleiar Even Bjørdal og feltassistent Anja Magnussen, AmS. Prosjektleiar var Olle Hemdorff, AmS. Rapporten er skriven av Even Bjørdal.

4.3 Gjennomføring, vértilhøve og tidsbruk

Arbeidet i felt tok til måndag 31.07. 2006: Hemdorff, Bjørdal og Magnussen tok først ei innleiande synfaring i området og planla den vidare undersøkinga. Den første sjakta/prøvefeltet vart lagt i samband med stolpefundament nr. 5 (rekna frå bekken og sørover)- dette er prøvefeltet nummerert som nr. 3 på oversynskartet (jf. vedlegg 8). Dette fundamentet var grave ned ved eit prøvestikk frå RFK si registrering frå 2005 (innmålingspkt. 190, jf. vedlegg 8). Ifølgje prosjektplanen var det truleg at nettopp dette fundamentet hadde skore seg ned i funnførande lag (jf. Bang-Andersen 2006: s.1). Sjølve utføringa av arbeidet er skildra nedanfor (jf.5.1). Det vart jamnt over brukt tre-fire dagar på kvar av 2x1m-sjaktene, dei to mindre 1x1m-sjaktene gjekk det naturleg nok raskare å undersøkje. Fredag 18.08. 2006 vart feltarbeidet avslutta. Det var for det meste fint og solrikt vér, med berre nokre få regnbyger enkelte dagar.



Figur 2 Foto mot SSØ som viser prøvefelt 3 under utgraving.

5 Metode

5.1 Graveteknisk metode

Framgangsmåten ved delundersøkinga var å grave store prøvestikk (i det følgjande kalla sjakter eller prøvefelt). Desse hadde kvar ein storleik på høvesvis 2x1m (prøvefelt nr. 1, 2 og 3) og 1x1m (prøvefelt 4 og 5). Tidspress og relativt funnfattig masse låg bak avgjerda om å nøye seg med mindre areal på dei to prøvefeltene som vart gravne til slutt.

Grastorvlaget vart fjerna før ein grov seg gradvis nedover medan all masse vart sålda. Alle prøvefeltene vart ytterlegare inndelt i kvadrantar på 50x50cm. Kvar slik kvadrant vart undersøkt for seg ved stratigrafisk graving. Omfattande lag vart sålda for kvar 10cm-nivå i djupna (funna knytt til 1. 10cm-nivå / 2. 10cm-nivå osv). Som oftast strekte laga seg over fleire kvadrantar i eit prøvefelt. Eit slikt felles lag vart grave ut frå alle aktuelle kvadrantar før ein gjekk vidare til neste lag under. Flintgjenstandar vart samla inn og funnkontekstar vart dokumentert ved notatar, teikningar og foto. Gravinga i prøvefeltene vart avslutta når ein kom ned til anten a) masse som ikkje var funnførande (lausmasse eller berggrunn) eller b) - for prøvefelt 2 sin del - masse som inneheldt så få og "enkle" (dvs. råflint og avslag av flint) funn at ein med omsyn til tid og ressursar valde å ikkje prioritere vidare graving her. Såldinga fann stad ved breidda av Hålandsvatnet.



Figur 3 Anja Magnussen såldar masse ved Hålandsvatnet.

5.2 Dokumentasjon

5.2.1 Teikning

Dei stratigrafiske tilhøva i kvar graverute vart skissert i målestokk 1:10 på prøvestikkskjema. I tillegg blei det teikna ein av dei fire profilveggane i kvart prøvefelt (jf. vedlegg 9).

5.2.2 Fotografering

Det vart teke fleire titals foto i løpet av feltarbeidet, 40 av desse har blitt arkivert (jf. vedlegg 1). Bileta viser fleire aspekt ved delundersøkinga, som sjølv utgravingsprosessen og landskapet på staden. Særleg viktig er den fotografiske dokumentasjonen av profilveggar i prøvefelta.

5.2.3 Innsamling av prøver

Det vart ikkje teke inn prøvemateriale av noko slag i samband med denne utgravinga.

5.2.4 Funn

Etterkvart som gjenstandar vart påvist under utgraving eller ved sålding av masse, blei dei lagt i funnposen som høyrde til det respektive laget. Omfattande lag vart delt inn i eit antal 10cm djupe, mekaniske nivå - her fekk kvart nivå sin nummererte funnpose. Særleg verdfulle og sårbare funn - som tangepilene - blei lagt i separate posar, men merka slik at tilhøyret til hovudposen for laget kom klart fram.

I samband med etterarbeidet ved AmS, vart samtlege funn vaska og klassifiserte. Kvar av gjenstandane (med unntak av avslaga) blei merka med sitt respektive S-nr, undernr. og funnr. Gjenstandane er fordelte på i alt 17 funnkategoriar: S12263 a-r (jf. 7.1 og vedlegg 4 og 5). Artefakta er lagt i merka funnposar og pappøsker og levert inn for arkivering. Detaljerte opplysningar om gjenstandane innan kvar funnkategori (antal, lengde, breidde, materiale osv) er ført inn i AmS sin katalogiseringsdatabase.

5.2.5 Innmåling

I samband med RFK si registrering i Kvednavikskogen i 2005 (jf. Viste 2005), vart prøvestikka plotta inn ved hjelp av GPS-basert innmålingsutstyr. Ved AmS si synfaring langs traséen for den planlagde turstien 04.01. 2006, vart lokaliseringa av fundamenta for lysstolpane teikna inn på eit kart over området. Delundersøkinga i 2006 var knytt til fem av desse stolpefundamenta, og ved hjelp av dei eksisterande GPS-punkta, den nemnde teikninga, og nye innmålingar i felt ved hjelp av måleband, lét det seg gjere å kartfeste plasseringa av prøvefelta utan å utføre nye GPS-innmålingar (jf. vedlegg 8).

5.3 Om utføringa av delundersøkinga

Arbeidet gjekk føre seg i perioden 31.07. - 18.08. 2006. Ein starta med å grave sjakter/prøvefelt med eit areal på 2x1m (prøvefelt 1-3). Det oppstod mot slutten av arbeidet eit

visst tidspress (mellom anna pga djupe funnførande lag og relativt tungsålda masser) knytt til det å rekke å få gjere arkeologiske undersøkingar ved samtlege av dei fem utvalde stolpefundamenta. Det blei difor teke avgjerd om å avgrense dei to siste sjaktene (prøvefelt 4 og 5) til ein storleik på 1x1m.

Kvart prøvefelt vart først målt opp ved hjelp av måleband og tommestokkar, og hjørna i desse rettvikla felta vart markert med spikar. Den seige grastorva blei fjerna med spade, dei andre laga vart undersøkt og fjerna med graveskei. Dei to utgravarane veksla på å grave og å sålde. Begge arbeidde i den same sjakta, det vart ikkje grave parallelt ved to felt. Undersøkinga begynte med prøvefelt 3, deretter følgde i kronologisk rekkefølge felt 1, 2, 4 og 5.



Figur 4 Foto mot ØNØ av prøvefelt 2 ved utgravingsslutt. 50cm tommestokk v/ profil.

6 Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt

6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling

6.1.1 Horisontalt

Areala av dei enkelte prøvefelt var små (jf. 5.2.6), og når det gjeld det horisontale nivået var det som oftast slik at dei påviste laga var til stades i samtlege av graverutene (jf. vedlegg 9). Det mest openberre unntaket hang saman med konstruksjonen av turstien i aust; påfylling av lys grus på vegbana var synleg i rutene nærmast stien. Sør i prøvefelt 3 var det eit område (lag 5 og 6) som skilde seg noko ut frå dette horisontale nivået elles i sjakta (lag 3 og 4): massa i lag 5 og 6 var fuktigare, seigare og inneheldt mindre sand enn lag 3 og 4. Men funn av plastbitar godt nede i lag 5 viser at dette området har blitt påverka av inngrep i nyare tid.

6.1.2 Vertikalt

Det er omfattande likskapstrekk ved den vertikale stratigrafien innan dei fem prøvefelt. Generelt sett var mønsteret slik: øvst grastorv og meir eller mindre omrota, laus masse med innslag av , humus, sand og ein del moderne avfall (ca 10-30cm tjukt), deretter eit mørkt, humushaldig pløye-/matjordslag (ca 10-25cm tjukt), så undergrunnsmasse i form av grus- og/eller sandlag. I prøvefelt 1, 4 og 5 støytte ein nedst på kompakte, naturskapte samlingar av stein og bitar av grunnfjell. For nærmare detaljar om dei stratigrafiske tilhøva, sjå vedlegg 4 og 9.

6.1.3 Funnfordeling

Funna si fordeling på ulike gjenstandskategoriar vert omtala i 7.1. Fordelinga i høve til startigrafi viser at det fleirtalet av funna frå delundersøkinga er gjort i dei øvre laga (dvs. i samband med grastorv/omrota masse og i pløye-/matjordlag), medan færre er påvist i djupareliggande grus- og sandlag (jf. vedlegg 4):

- <u>Prøvefelt 1:</u>	Total funnmengde:	547 stk
	Funn i øvre lag:	532 stk
	Funn i lågare lag:	15 stk
- <u>Prøvefelt 2:</u>	Total funnmengde:	4 stk
	Funn i øvre lag:	4 stk
	Funn i lågare lag:	0 stk
- <u>Prøvefelt 3:</u>	Total funnmengde:	204 stk
	Funn i øvre lag:	126 stk
	Funn i lågare lag:	78 stk

- Prøvefelt 4: Total funnmengde: 31 stk
 Funn i øvre lag: 31 stk
 Funn i lågare lag: 0 stk

- Prøvefelt 5: Total funnmengde: 16 stk
 Funn i øvre lag: 16 stk
 Funn i lågare lag: 0 stk

Prøvefelt 3 skil seg ut ved at ein relativ høg del av gjenstandsfunna er gjort i eit lågareliggande lag (i sand- og gruslaget 8 som var stratigrafisk under pløyelaget 4).



Figur 5 Foto mot VNV som viser kompakt, naturskapt samling av stein i botnen av prøvefelt 1.

6.2 Kjeldekritiske aspekt

Kjeldekritikk handlar om å vere medviten om ulike moment som kan ha innverknad på utsegnskrafta til eit utvalt og innsamla materiale.

Tidlegare arkeologiske undersøkingar og innleverte lausfunn knytt til området i Kvednavikskogen tyder på at det har vore busetnad her i seinmesolitikum og tidlegneolitikum (jf. 2.3.1). Feltarbeidet i 2006 gav auka kunnskap om dei stratigrafiske forholda og det vart samla inn eit omfattande antal flintgjenstandar (804 nye i høve til ca 500 kjende frå før). Men samstundes er det verdt å minne om at det ikkje vart påvist restar av forhistoriske kulturlag, eldstadar eller hus i løpet av delundersøkinga.

Den utgravne massa frå prøvefelt 2 vart konsekvent vass-sålda i 4mm-såld, noko som bør ha sikra at så godt som samtlege gjenstandar til stades i denne massa vart påvist av arkeologane. Det er mogleg at ei meir omfattande utgraving av prøvefelt 2 kunne ha påvist fleire artefakt. Men med omsyn til at det var funne berre 4 gjenstandar innan feltet og at massa var tidkrevjande å sålde, valde ein å heller bruke den avgrensa tida som var tilgjengeleg på å undersøke dei andre prøvefelt.

Dei fleste gjenstandane er funne i lag som i større eller mindre grad er uroa av nyare aktivitetar (jf. 6.1.3). Men samstundes er det lite truleg at desse funna har blitt frakta inn utanifrå ved til dømes jordforbetring (jf. 2.4). Sjølv om artefakta kan ha blitt flytta noko på i høve til den opprinnelege deponeringskonteksten, stammar dei nok likevel frå ein eller fleire lokalitetar innan Kvednavikskogen. Den relative funnr rikdommen i prøvefelt 1 og 3 sett i høve til det svært funnfattige prøvefelt 2, synest å understøtte Bang-Andersen sin tanke om tre skilde konsentrasjonar av funn i området (jf. 2.4).

7 Funnmateriale

7.1 Funnmengde, funnkategoriar og materialtypar

Alle funna frå delundersøkinga er av *flint* - med unntak av ei flekke som truleg er av *rhyolitt*. I alt vart det funne 804 artefakt av ulike former:

- 6 tangepiler
- 3 bor
- 6 skraparar
- 67 flekker og mikroflekker
- 18 kjernar
- 1 avslag m/ kantretusj
- 703 avslag

Det store fleirtalet av funna er patinerte. Tangepilene kan daterast til *tidlegneolitikum*, resten av materialet stammar etter alt å døme frå *seinmesolitikum*. Prøvefelt 1 (547 gjenstandar) og

prøvefelt 3 (204 gjenstandar) skil seg ut som dei klart funnrikaste innan undersøkingssområdet (jf. vedlegg 4). Funna er fordelte på dei følgjande kategoriane:

S 12263 a:	Tangepil - type A1	S 12263 b:	Tangepil - type A2
S 12263 c:	Bor	S 12263 d:	Skraparar + fragment
S 12263 e:	Flekke m/ retusj	S 12263 f:	Avslag m/ kantretusj
S 12263 g:	Mikroflekker m/ bruksspor	S 12263 h:	Ryggflekke
S 12263 j:	Flekke + fragment	S 12263 k:	Mikroflekker + fragment
S 12263 l:	Smalflekke + fragment	S 12263 m:	Kjerne - konisk
S 12263 n:	Kjerne - bipolar	S 12263 o:	Kjerne - ei plattform, einseitig
S 12263 p:	Kjerne - to plattformer, einseitig	S 12263 q:	Kjerne - uregelmessig
S 12263 r:	Avslag		

8 Kort om prøvefelt

Det vart opna i alt fem prøvefelt knytt til kvart sitt stolpefundament langs turstien i Kvednavikskogen (jf. vedlegg 8). Felta hadde eit samla areal på 8m²: tre 2x1m og to på 1x1m.

- Prøvefelt 1: Areal: 2x1m. Største utgravne djupne: 75cm i rute B1 og B3.
Total funnmengde: 547 stk.
- Prøvefelt 2: Areal: 2x1m. Største utgravne djupne: 69cm i rute A2.
Total funnmengde: 4 stk.
- Prøvefelt 3: Areal: 2x1m. Største utgravne djupne: 80cm i rute A4 og B2.
Total funnmengde: 204 stk.
- Prøvefelt 4: Areal: 1x1m. Største utgravne djupne: 83cm i rute 3.
Total funnmengde: 31 stk.
- Prøvefelt 5: Areal: 1x1m. Største utgravne djupne: 56cm i rute 3.
Total funnmengde: 16 stk.

9 Naturvitskapleg materiale

Det vart ikkje støytt på restar av forhistoriske strukturar som kulturlag, eldstadar o. l. i samband med delundersøkinga. Det blei difor ikkje teke ut prøvemateriale til naturvitskaplege analyser (14C-datering, pollen-og makrofossilanalyse).

10 Tolking av undersøkte område

Utgravinga i Kvednavikskogen i 2006 gav eit gjenstandsmateriale som truleg stammar frå seinmesolitikum og tidlegneolitikum. Dette høver godt overeins med tidlegare framkomne artefakt frå området (jf. 2.3.1 og 2.4). Det verkar sannsynleg at flintartefakta kan knytast til menneske som levde her medan det noverande Hålandsvatnet var ei sjøbukt (jf. 3.1), ved overgangen mellom eldre og yngre steinalder. Funna frå dei små og spreidde prøvefelta vitnar om aktivitet, men det er vanskeleg å seie noko nærmare om organiseringa av sjølve busetnaden. Det er mogleg at dei relativt funnrrike prøvefelta 1 og 3 vitnar om to skilde aktivitetsområde, det er iallfall langt færre funn i det mellomliggande prøvefelt 2.

11 Formidling og publikumskontakt

Det føregjekk ikkje noko organisert formidling til publikum eller kontakt med media i samband med dette arkeologiske feltarbeidet. Men sidan utgravinga fann stad langs ein tursti, viste ei rekkje menneske interesse for arbeidet. Utgravarane brukte difor noko tid kvar dag på å fortelje forbipasserande om bakgrunnen for feltarbeidet og å syne fram nyleg påviste funn frå prøvefelta.

12 Litteratur

- Bang-Andersen, S. 1983: Svartehåla på Viste- boplass i 10,000 år. *AmS småtrykk 13*. Stavanger.
- Bang-Andersen, S. 2006: Plan for del-undersøkelse av steinalderlokalitet i Kvednavikskogen, Nord-Sunde gnr. 41 bnr. 7 i Stavanger k. i anledning omsøkte markinngrep i tilknytning til ny turvei - jfr. kml §8.1 AmS. Stavanger.
- Braathen, H. 1985: Sunde 34. Deskriptiv analyse av en sørvestnorsk boplass fra atlantisk tid. *AmS-Varia 14*. Stavanger.
- Gjessing, H. 1920: *Rogalands Stenalder*. Stavanger.
